



**Sjå framover
med Venstre.**

Hareid Venstre 2023–2027

Eit levande lokalsamfunn

Venstre ønskjer eit samfunn der alle har fridom og sjølvstende til å leve det livet dei ønskjer, samtidig som vi skal ta vare på fellesskapet og miljøet.

Venstre meiner det er viktig at kulturen, idretten og frivilligheita får fridom til å utfalde seg.

Hareid Venstre vil

- sikre god dialog med idrettslag og frivilligheita



- støtte initiativ til bygging av fleir-brukshus (kulturhus) i sentrum.
- jobbe for å etablere utlånsentral av fritidsutstyr til born og unge.
- støtte opp om dei viktige kultur-institusjonane i kommunen.
- jobbe saman med Ishavsmuseet Aarvak for eit nasjonalt dokumentasjonssenter for selfangst.

Omsorg og rett hjelp til alle som treng det

Eit trygt og nært helsetilbod av høg kvalitet er viktig for at alle skal ha fridom og høve til å delta i samfunnet. For at alle skal kunne leve eit godt og sjølvstendig liv lenger, må samfunnet førebyggje meir og reparere mindre innanfor både psykisk og fysisk helse. Vi skal gi god omsorg til dei som treng det, når dei treng det.

Hareid Venstre vil

- prioritere gode heimetenester til eldre og funksjonshemma slik at dei som ynskjer det kan bu heime lengst mogleg.
- realisere nye omsorgsbustadar på Pålhaugen.
- samordne og utvikle betre tenester innan rus og psykiatri.

Bukommunen Hareid

Hareid skal vere ei god bukommune, der både born, ungdom og vaksne finn ein stad å høyre til. Då treng vi gode møteplassar og ledige tomter der folk vil bu.

Hareid Venstre vil

- jobbe for byggeklare tomter i alle krinsar, gjerne i samarbeid med private aktørar.

- ha meirope bibliotek.
- jobbe for at alle born og unge vert inkludert i fritidsaktivitetar.
- ta vare på eksisterande, og legge til rette for nye, uformelle møteplassar for alle aldrar.



Venstre vil prioritere skule og opplæring

Utdanning er nøkkelen til ei betre framtid. Derfor er utdanning alltid ein prioritet for Venstre. Det er gjennom utdanning at vi jamnar ut sosiale forskjellar og gir alle like moglegheiter i livet. Elevar har ulike føresetnader, interesser og behov.

Venstre sitt mål er å skape ein skule som ser alle elevar, og som evnar å tilby meistring og læringsglede for alle.

Hareid Venstre vil

- behalde dagens skulestruktur.
- starte planlegging av ny ungdomsskule og symjebasseng.
- at elevane møter eit lag av lærarar, miljøarbeidarar, helsejukepleiarar og andre dei kan stole på.
- ha halldningsskapande program i skulen, og styrke forebyggande arbeid for born og unge, for å motverke skulefråvær og utvikling av negative rus- og kriminalitetsmiljø.

Ei næringsvennleg kommune

Næringslivet i Hareid er ein viktig berebjelke i kommunen. Vi må ta vare på eksisterande næringsliv, og legge vidare til rette for vekst i næringslivet.



Hareid Venstre vil

- sikre vidare satsing på "Vekst i Hareid".
- sikre gründerar/nyoppstarta bedrifter tilgang på kontorareal i ei oppstartsfasen.
- jobbe vidare med reiselivssatsing, saman med Destinasjon Ålesund og Sunnmøre og nabokommuner.

Venstre vil ta vare på naturmangfaldet

Venstre vil at vi skal verne om naturen. Det tyder ikkje at vi skal stanse utviklinga av kommunen eller næringslivet, men vi må sørge for at utvikling og verdiskaping ikkje går på bekostning av naturen.

Hareid Venstre vil

- seie nei til vindturbinar.
- seie nei til oppdrettsanlegg i opne anlegg i sjø.
- jobbe for betre kollektivtransport i heile kommunen, m.a. med Fram Flexx-bestilingstransport.

Les meir om vår politikk og våre kandidatar på våre nettsider.

www.venstre.no/hareid

Hareid Venstre 2023-2027

1. **Annika Brandal, 1981, Brandal**
2. **Jenny Helen Korsnes, 1979, Hj.våg**
3. **Anton Leon Roald, 1961, Hareid**
4. John Frode Kvam, 1983, Bigset
5. Odd Erling N. Eriksen, 1978, Bigset
6. Anne Vasstrand, 1968, Hj.våg
7. Elisabeth Warpe, 1973, Hareid
8. Sunniva N. Garshol, 1992, Hj.våg
9. Keerthan Sivapalan, 2005, Hareid
10. Jo Haldor Jonsson, 1974, Hj.våg
11. Einar Warholm, 1958, Hjørungavåg
12. Janita V. Røyset, 1993, Hareid
13. Odd Elvanes, 1956, Hareid
14. Kjell Brandal, 1948, Brandal
15. Vigdis Bigset, 1953, Bigset
16. Greta Kirkebø, 1942, Brandal
17. Åse K. Pilskog, 1963, Hj.våg
18. Ann Helen G. Worren, 1971, Hareid
19. Evelyn Røren, 1977, Brandal
20. Knut Falk, 1948, Hareid
21. Roger Korsnes, 1937, Hareid

Møre og Romsdal Venstre

www.venstre.no/mr

1. Pål Farstad, Kristiansund
2. Lena Landsverk Sande, Vanylven
3. Frank Stenløs, Molde
4. Kari Grindvik, Ålesund
5. Annika Brandal, Hareid
41. Jenny Helen Korsnes, Hareid



Annika Brandal er Hareid Venstre sin ordførarkandidat. Annika er 41 år gammal og bur i Brandal. Ho har vore folkevald sidan 2003, og siste periode har ho vore varaordførar. Annika er m.a. opptatt av at alle skal finne sin plass i samfunnet, og at næringslivet skal ha gode vilkår.



VENSTRE



@hareidvenstre



hareidvenstre

www.venstre.no/hareid

